ØY GARD EN

- eit fyrtårn i vest

Årsplan 2026/2027

Knappskog barnehage



Rammeplan for barnehagar pålegg alle barnehagar å utarbeide ein årsplan som gjer rammar for innhald om årets arbeid.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, samt informasjon til foreldre og andre interessentar.

Rammeplan for barnehagens innhald gir en utfyllande instruks til korleis barnehagelova skal omsettast til praksis.

Innhold

Knappskog barnehage 4
Personalet 4
Barnehagens verdigrunnlag 5
Barn og barndom 5
Omsorg 5
Mangfald og gjensidig respekt 6
Likestilling og likeverd 6
Venskap 6
Barnehagens visjon og mål 7
Livsmestring og helse 9
Barnas medverknad 10
Fokusbarn 11
Tilvenning 11
Måltid og matglede 12
«Dei utrolege åra» og Dinosaurskulen 13
COS 14
Fokus på eit inkluderande miljø – Trygg i Fellesskap 14
Barnehagen som pedagogisk verksemd 18
Vurdering 20
Plan for vurdering barnehageåret 2026/ 2027 21
Progresjon 22
Rammeplanen sine fagområde 23
Natur, miljø og teknologi 23
Kommunikasjon, språk og tekst 24
Kropp, rørsle, mat og helse. 25
Kunst, kultur og kreativitet 26
Mengd, rom og form 27
Etikk, religion og filosofi 28
Nærmiljø og samfunn 29
Samarbeid heim og barnehage 30
Foreldresamtalar 31

Foreldremøte 31
Samarbeidsutval - SU: 31
Brukarundersøking: 32
Helse, miljø og sikkerheit 33
Ferie barnehageåret 2026/ 2027 33
Årshjul 34
Kontakt med Knappskog barnehage 36



Knappskog barnehage

Knappskog barnehage opna august 2008. Barnehagen er ein av 11 kommunale barnehagar i Øygarden kommune. Bygget eigast av Bustadstiftinga og er drive av Øygarden kommune.

Barnehagen har fem avdelingar: to småbarnsavdelingar (1-3 år), to mellomgrupper (3 - 4 år), samt ei førskulegruppe.

Barnehagen ligg i naturskjønne omgivnader og grensar til eit skogsterreng. Kort tur unna ligg Ulveskogen, fjæra i Grottvika og fjelltoppen Skjenet. Uteområdet har store variasjonar i terrenget, og gjev barna gode moglegheiter til å utfalde seg. Barnehagen ligg like ved barneskulen, der vi får nytta oss av bibliotek og gymsal, samt vår felles grillhytte. Barnehagen har ein gapahuk og eit vassrom.

Personalet



Knappskog barnehage har 18,4 årsverk. I tillegg kjem 1 spesialpedagog, 3 støtteressursar, vikarar, praksisstudentar, vaktmeister og reinhaldar. Vi har 1,2 i leiar ressursar, 8 barnehage lærarar, 6 barne- og ungdoms arbeidarar og 5 assistentar

Pedagogisk leiar er arbeidsleiar for avdelingspersonalet. Dei vaksne samarbeider tett for å utarbeide og gjennomføre planar.

Vi driftar barnehagen ut i frå lov om barnehagar, rammeplan og dei kommunale vedtektene.

Opningstider er: 07.00 – 16.30

Planleggingsdagar:

Det er fem planleggingsdagar i laupet av eit barnehage år.

Dagane for barnehageåret 2026/2027 er:

17 august 2026
06 november 2026
29 januar 2027
07 mai 2027
18 juni 2027

Barnehagens verdigrunnlag



Knappskog barnehage skal sjå det enkelte barn. Vi ønskjer å samarbeide med føresette og andre instansar for å kunne tilby eit godt tilbod til alle barn.

Vi ønskjer å vere tilgjengelege, rause, kompetente og løysingsorienterte. **Fordi vi skal ha mot til å leve, mot til å bry oss, mot til å sei nei, mot til å sjå og mot til å handle.**

Barn og barndom

Barndommen har **eigenverdi** og vi skal ha ei heilskapleg tilnærming til barnas utvikling. Barnehagen skal ivareta barn sitt behov for omsorg, leik og framme læring og danning for ei allsidig utvikling.

Omsorg

Omsorg er grunnlaget for alt arbeid i Knappskog barnehage.

- Omsorg handlar om evne til å sjå og tone seg inn på barnas behov.
- Omsorg er grunnsteinen for at barn skal føle tryggleik for å frigjere seg i leik og læring.
- Omsorg er en del av barns trivsel og tryggleik.

Mangfald og gjensidig respekt



Barn kjem til barnehagen med ulike behov, ressursar og bakgrunn. Barnehagen skal vere eit inkluderande fellesskap med rom for det enkelte barn, der mangfaldet blir sett på som positivt.

Vi møter alle barn med undring, alvor og respekt. Barn er sosiale aktørar som sjølv bidreg til eiga læring og trivsel. Samspel mellom menneske er avgjerande for korleis barn utviklar seg og lærer.

Mangfald, respekt og likestilling jobbar vi med heile året. Både som refleksjon i personalgruppene, i samlingar og i aktivitetar og prosjekt saman med barn. Det handlar om å vere ein god ven, lytte til andre, akseptere at vi har ulik bakgrunn og syn på livet; og at vi alle er like mykje verdt.

Likestilling og likeverd

Barnehagen legg til rette for det allmennpedagogiske tilbodet etter barnets behov og forutsetningar, også når det er behov for ekstra støtte.

Alle barn i barnehagen skal få oppleve at dei har betydning for fellesskapet uansett alder, kjønn eller familiebakgrunn. Vi har eit miljø der skilnad møtes med respekt og forståing.

Barnehagen er ein møteplass for barn og foreldre med ulik kulturell, språkleg, religiøs eller sosial bakgrunn.

Venskap

Venskap betyr tilhøyrsel i eit sosialt fellesskap som igjen bidreg til ei positiv sjølvkjensle. Å høyre til ei gruppe gir barn tryggleik. Å oppleve venskap handlar om å føle seg godtatt og verdsett for den ein er. Samspelet skjer i leik. Barn leikar fordi dei ynskjer det, og fordi dei treng det.

Barnehagens visjon og mål

Visjon:

«Saman skaper vi kvardags magi, livsglede og meistring.»

Kvardagen er tilrettelagt for utvikling av opplevingar, erfaringar, ferdigheiter og kunnskap. Leik er i fokus og gjennom leik undrar, forskar og skapar barn.



Kvardagsmålet er å skape magiske augeblikk. Dei kan ikkje målast, teljast eller planleggast. Magiske augeblikk kan ein føle, du kjenner varme, nærleik, undring og lykke.

Barna opplev eit miljø der dei vekslar mellom fysisk utfalding og ro gjennom sjølvregulering. Alle barn treng ein trygg base, ein stad å kvile og hente kreftar.

Hovudmål:

Alle barn skal ha ein trygg og god kvardag med gode relasjonar og leik.

Øygarden kommune arbeider med prosjekt TOG – Trygt og Godt. For at barn skal trivast er det viktig at dei opplev eigenverd, glede, begeistring, leik med andre barn, mangfald og inkludering, meistring og trivsel, venskap og fellesskap, utforsking og medverknad.

Det er viktig for barns psykiske helse å høyre til i eit fellesskap. Dette er ikkje ein sjølvfølge for alle barn. Det er alltid den vaksne sitt ansvar å hjelpe og støtte barn til å høyre til.

For å skape tryggleik, trivsel og glede må vaksne vere til stade, vise varme, omsorg, toleranse og ha innsikt i kva ei god barndom er og korleis styrkje barns utvikling.
Vi fokuserer på barnets indre motivasjon og arbeidar med sosial kompetanse som er med å motverke diskriminering og krenkingar.



Å starte i barnehage er ein stor overgang for dei fleste barn. Det er vårt ansvar å gjere barna trygg på den nye kvardagen ved å byggja gode relasjonar til barn og foreldre. Vi må sjå kvart enkelt barn og leggje til rette for ein føreseieleg kvardag.

Vi har gode rutinar på å vere ny i barnehagen og overgangar frå ein avdeling til ein anna og frå barnehage til skule, blant anna ved besøksdagar og startsamtalar.

Gode erfaringar for barnet styrkar sjølvbilete og aukar trivsel som igjen bidreg til ei positiv og god utvikling.

Vi skal være ein trygg stad for alle barn, der dei lærar å få ein ven, behalde ein ven og vere ein ven.

Leik

Leik er barnas viktigaste uttrykksform og den stimulera til kreativitet og fantasi. Gjennom leikande læring frigjer barna eigne krefter, evne og anlegg.

I leiken prøver barn ut erfaringar, opplevingar og utviklar tankar. Ved å leike lærer barn å samhandle med andre, å uttrykke seg, justere seg, etablere venskap, utvikle sosial kompetanse og lære sosiale spelereglar som å gje og ta, vise omsyn, vise empati, tolmod og respekt.

Personalet har kunnskap om når dei skal delta i leik, når dei skal støtte og når dei skal observere. Vaksne har kompetanse om leik og forstår betydninga leik har for barn. Det krev at ein må gje tid og rom for leik, og organisere i mindre leike grupper.

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.....leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språklig samhandling.....barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek; åleine og samen med andre.» Rammeplan s.20

Livsmestring og helse

«For at barnehagebarn skal erfare barnehagekonteksten som helsefremmende, der livsmestring er en sentral del av barnehagehverdagen, er det avgjørende at fellesskapet er inkluderende, og at barn opplever vennskap» Livsmestring i barnehagen

Målet er at alle barn skal ha ein god psykisk og fysisk helse. Ein viktig faktor er at barn opplever tilhøyrsle og fellesskap med andre menneske, har vener, opplever meistring og føler meining med det dei held på med.

I barnehagen skal vi hjelpe barn til å takle motstand, bygge sjølvkjensle, lære å stå i det når dei møter motgang og bli rusta for livet.

Vi tilbyr eit allmennpedagogisk tilbod og legg til rette for barn som treng ekstra støtte. Blant anna ved å dele barna i mindre grupper, leikegrupper, språk grupper, best mogleg barnas behov.





Barn treng vaksne som kan hjelpe dei å forstå det dei tenkjer og høyrer rundt seg. Vaksne skal våge å stå i det opne og ukjente, det skapar ei lyttande innstilling og dialog.

Vi har **Barnas Verneombod** som skal styrke tilsette sitt arbeid med å skape ein trygg og inkluderande barnehage gjennom kurs på omsorgssvikt, vald og overgrep, barnehagemiljø og barn med behov for spesielle tilrettelegging.

Vår oppgåve er å forebygge at barn skal bli utsett for utanforskap og vald og overgrep.



Barnas medverknad

«Barnehagen skal sikre barn sin rett til å medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen ..alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen»
Rammeplan s. 27

Gjennom medverknad skal barn lære demokrati og deltaking i samfunnet, samt å ta omsyn til eigne og andre sine behov. Medverknad gjev barn ein kompetanse som rustar dei til samarbeid og ivaretaking av eigne behov.

Barn i Knappskog har innflytelse på eigen kvardag og lærar å ta gode val tilpassa sin alder, erfaring, føresetnad og behov. Det er ein balanse mellom individuelle val og samhandling, innflytelse og deltaking i fellesskapet. Det betyr at barn skal delta i kvardagen, samtidig som det er dei vaksne som har hovudansvar for dagen.

Dei eldste barna er Fokusbarn.

Fokusbarn



Fokusbarn handlar ikkje berre om å "gje merksemd" – det er eit bevisst pedagogisk verktøy for å bli betre kjent med kvart enkelt barn og støtte utviklinga på ein meir målretta måte.

Vi har fokusbarn både haust og vår. Vi har samling kvar dag der barnet kjem i fokus og er med å påverke samlinga. Barna skal i større grad få vere med og påverke innhald, og vere med på å velja aktivitetar dei har lyst til å delta i. På denne måten ønsker vi å flytte merksemda frå ting til oppleving, fellesskap og deltaking.

Vi har to fokusbarn samtidig. Dette gjer vi for å skape tryggheit, slik at barna kan støtte seg på kvarandre i det å være i fokus.

Vi brukar fokusbarn for å:

- sjå barnet tydelegare i kvardagen, ikkje berre i gruppa
- fange opp interesser, styrker og behov
- styrke relasjonen mellom barn og vaksne
- danne nye relasjonar mellom barn
- gje barnet ein oppleving av å bli sett, høyrt og tatt på alvor
- jobbe meir konkret med medverknad.

Tilvenning



Alle barn skal ha trygge rammer når dei kjem, går og sluttar i barnehagen.

Alle overgangar er ein endringsprosess, det vil sei at det skjer ei rolleendring for barn, der det blir nye krav og forventningar til barnet.

Målet er ikkje å unngå overgangar, for overgangar er ein del av livet. Målet er å gjere dei så gode som mogleg slik at barnet kan meistre overgangane og komma styrka gjennom dei.

Barn si oppleving av den første tida i barnehagen er svært viktig for deira forhold til barnehagen. Målet for tilvenning er å leggje til rette for ein god og trygg tilknytings prosess.



Tilvenningstida kallar vi den tida barna treng for å bli trygg på dei nye vaksne, rutinar og dei andre barna.

Når eit barn skal over på ny avdeling, besøker barnet avdelinga saman med ein kjent vaksen over ein periode. Slik blir barnet kjent med nye rutinar, barn og vaksne. Føresette skal få beskjed i god tid om skiftet slik at dei kan førebu barnet heime.

Den fyrste skuledagen er viktig for barn og foreldre, og vi arbeidar for ein god og trygg overgang frå barnehagen til skulen. Vi har eit tett og godt samarbeid med Knappskog skule. Vi brukar blant anna skulens gymsal, biblioteket og dei eldste barna deltek på skulens Samsong.

Det er klare føringar for rutinar om kva som skal gjennomførast i overgangen barnehage og skule.

Tilbod for nye foreldre:

- Foreldremøte før oppstart. Dette er også for dei som har barn som skal bytte avdeling. Her tek vi opp sakar som gjer overgangen så mild som mogleg.
- Besøksdagar før sommaren for dei nye barna.
- Startsamtale

Måltid og matglede



Måltid er ein samlande møtestad for barn og vaksne, ein stund som skal bere preg av varme, humor, fellesskap og relasjonar. Det blir snakka saman, vi delar opplevingar, vi brukar og lærer språket, rimar lydar og bokstavar og fortel historier til kvarandre.

Barnehagen følgjer retningslinjer for mat og måltid.

Måltid og matglede skal gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Måltid i barnehagen er eit god høve til hygge, sosialt samvær og læring. Vi tilbyr hovudsakleg eit varmt måltid i veka der barn er aktiv deltakar i tillaginga. Samt havregraut ein gong i veka og resten er smøremåltid med brød.

«Dei utrolege åra» og Dinosaurskulen

«Eit overordna mål med DUÅ er å fremje gode og utviklings støttande relasjonar mellom barn og nære vaksne, samt positivt samspell barn mellom.» Frå DUÅ

Personalet i barnehagen har teke del i programmet "Dei Utrolege Åra" (DUÅ) som er utvikla av Carolyn Webser-Strattons.

DUÅ har gitt personalet kompetanse i korleis ein skal fremje sosial og emosjonell kompetanse hjå barn. Vi arbeidar med relasjonsbygging, å vere i forkant (proaktive strategiar), gje ros og positiv merksemd, redusere uønskt åtferd og vere tydelege og føreseielege vaksne. Samt brukar vi beskrivande kommentarar, Coaching og problemløysing.

I forlenging av dette programmet har delar av personalet fått opplæring i **Dinosaurskulen**.

Målet med Dinosaurskulen er å styrkje førskule barna sin emosjonelle og sosiale kompetanse, å styrkje barn sitt sjølvbilete og gje dei oppleving av å meistre.
Barna øver på å kjenne igjen kjensler hos seg sjølv og andre, ta andre sitt perspektiv, utvikle betre ferdigheiter i forhold til problemløysing, konflikthandtering og sjølvkontroll.
Barna øver på sosiale ferdigheiter som å lytte, vente på tur, bli einige, stille spørsmål, dele, hjelpe kvarandre, samarbeide og gi kvarandre komplimenter.

Dette er viktige ferdigheiter å ta med seg for ein god overgang til skule kvardag. For å fremme forståing brukar vi store hand dokker, samtaler rundt korte filmar, rollespel og øvingar, samt ulike aktivitetar knyta opp til tema.



COS



Verdigrunnlaget i Knappskog handlar om å møte barn med omsorg, tryggleik, nærleik og anerkjenning. Samt sikre at alle barn er ein del av eit fellesskapet som ser, lyttar og høyrer barna.

Knappskog barnehage har gjennomført og brukar programmet COS som handlar om tilknyting, og om å forstå barnets signal og uttrykk.

Tryggleik sirkelen er ei hjelp for vaksne til å forstå korleis barnet kan bli tryggare og til å møte sjølvregulering og sosial kompetanse.

Sjølvregulering handlar om å styre seg sjølv som er ei føresetnad for trivsel.

Fokus på eit inkluderande miljø – Trygg i Fellesskap

«Barnehagen skal bidra til at barn trivast og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing» Rammeplan s. 11

Å vere saman med andre barn og vaksne, få leike og samhandle, kommunisere og vere i bevegelse dannar grunnlag for ein god og allsidig utvikling. I samspel med andre lærer barn og det gjer meining i tilværet.

Når barn opplev og erfarer positive relasjonar og venskap i barnehagen, styrkast deira sosiale kompetanse slik at dei får ein god sjølvkjensle og livsmeistring. Ved å ha fokus på relasjonar, venskap og sosial kompetanse blir barn betre til å handtere vanskelege følelsar og situasjonar, samt møte motstand.

Knappskog barnehage arbeider med å førebyggja, handtere og avdekke mobbing i barnehagen.

Visjonen til Trygg i Fellesskap er:

KUNNE, VILLE, VÅGE, STOPPE MOBBING



I Knappskog barnehage har vi vaksne som har kunnskap og ferdigheiter for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø. Kvardagen blir organisert ut i frå barns beste og vi er bevisst på korleis barnegruppa blir organisert, korleis rommet blir brukt og kva for leikar og materiale som er tilgjengeleg.

For å få eit trygt og godt barnehagemiljø arbeider vi med livsmeistring som omhandlar både barnet psykiske og fysiske helse, å bli trygg på eigen kropp, tole motstand, fysisk aktivitet og ete sunt. Det handlar også om å vere ein del av eit sosialt fellesskap, å kunne etablere venskap og oppleve samhald.

I barnehagen vil barn oppleve opp og nedturar saman med trygge vaksne og i trygge rammar. Det er rom for å prøve og feile, meistre motgang og medgang, kjenne på sorg og glede, oppleve samhald og kunne trivast i eiget selskap. Alle barn skal bli inkludert, men alle barn leikar ikkje med alle. Vi arbeider for at alle barn skal ha ein eller fleire vener, og vi arbeider for å førebyggja uheldige samspelsmønstre og utestenging gjennom å ha nære og deltakande vaksne.

Å ha ein god kvardag krev at barn er trygg på eigen kropp, har ein positiv oppfatning av seg sjølv og blir kjend med eigne kjensler. Dei skal utvikle forståing til retten å bestemme over eigen kropp og ha respekt for andre sine grensar. Vi har ulik verktøy som for eksempel Eg Veit, Kroppen min Eig eg, Stine Sofie Stiftelsen, Hele Meg – kropp og grenser i barnehagen, Bussmodellen og Dino materiale. Samt bøker som er tilgjengeleg for barn og blir tatt frem i samlingar.

Målsetnaden for Knappskog barnehage er å førebyggja og redusere omfanget av mobbing, sikra at mobbing blir avdekka og handtert godt av alle som er i relasjon til barn og unge.

Å bli krenka eller utestengt er eit brot på retten til å bli respektert og å vere trygg i Knappskog barnehage. Når vi ser eller får vite at eit barn ikkje har det bra utløysast aktivitetsplikten ved å gripe inn, handtere, undersøke og følgje opp.

Øygarden kommune har laga ei rutine for handtering av barn som vegrar seg frå å gå i barnehagen eller har eit bekymringsfult fråvær. Det kan vere fleire årsaker til at barn ikkje trivst i barnehagen, og det er vår plikt å undersøke. Åtferdsendring er eit varsel om noko. Vi må utforske kva som ligg bak.

ØY
GARD
EN



Handlingsplan i møte med bekymringsfull vegring og bekymringsfullt fråvær i barnehagen

Denne planen er meint som ei støtte til å komma raskt i gong og handla når det er grunn til uro rundt eit barn som vegrar seg eller er mykje vekke frå barnehagen. Her finn du handlingsplakat og verktøy som kan nyttast i arbeidet.

Handlingsplakat ved bekymringsfull vegring eller bekymringsfullt fråvær

Alle tilsette skal vera kjent med denne *Handlingsplakaten.* Resten av innhaldet i *Handlingsplanen* kan nyttast etter behov.

Nivå 0 (Grøn sone, inkluderande spesial-pedagogikk)	• Foreldre og tilsette fangar opp og melder bekymring tidleg ved vegringsatferd som t.d. vondt i magen, sliten, vil ikkje delta i aktivitetar eller gå i barnehagen. • Meld frå til næraste leiar. • Søk støtte og rettleiing frå spesialpedagog. • Drøft evt situasjonen i det interne BTI-teamet om det er identifisert vegring eller fråvær som gjev grunn til bekymring. • Pedleiar snakkar med foreldra, og evt barnet, for rask avklaring av bekymring • Dersom det er behov for å setja i verk tiltak, gå til nivå 1
Nivå 1 (Grøn sone, inkluderande spesial-pedagogikk)	• Start eit formelt samarbeid med foreldra. Pedleiar og foreldre har kartleggingssamtale innan ei veke. • Dersom barnet ikkje har det trygt og godt, start aktivitetsplan. Ved behov for tiltak av andre årsaker, skriv tiltaksplan, gjerne i stafettlogg. • Evaluer etter 3 veker. • Pedleiar kan drøfte situasjonen i det eksterne BTI-teamet med samtykke. • Dersom tiltak i samarbeid mellom heim og skule ikkje gjev effekten ein ønskjer, kople på PPT-kontakt eller andre aktuelle samarbeidspartar og gå til nivå 2/3
Nivå 2	• Samarbeidsmøte med foreldre, pedleiar, PPT eller andre involverte instansar. • Grundigare kartlegging av miljø, språkvanskar, psykisk helse m.m. Gjer ei strukturert Barnets beste vurdering. • Evalueringsmøter kvar tredje veke for status og framdrift
Nivå 3	• Samarbeidsmøte med to eller fleire instansar i tillegg til barnehage og foreldre. • Gjer ei strukturert Barnets beste vurdering. • På same måte som på nivå 2, men fleire tenester/instansar er involvert.

«Barnehagen skal vere til barnets beste. Barn skal oppleve glede og mestring i barnehagen. Dei skal leike, lære og utvikle seg og delta aktivt i eit sosialt og kulturelt fellesskap barnehagen skal være ein god støttespillar for foreldre i omsorgen for barn og bidra med god stimulering til læring.» St. meld. nr 41

Barnehagen som pedagogisk verksemd



Ein lærande organisasjon:

Rammeplanen seier noko om kva som skal til for å gje barn gode utviklingsmoglegheiter.

Barn er født til å lære og det er dei vaksne sitt ansvar å ha ein aktiv rolle i barns læringsprosessar. Læring skjer gjennom kommunikasjon og samhandling med andre, der ein påverkar og blir påverka.

Barns læring er avhengig av vaksne si evne til å møte barn der dei er. Det krev vaksne som organisere kvardagen, har fokus på leiken og barns medverknad, at man er aktiv deltakar og har felles opplevingar. Vaksne må dele av sin kunnskap og vise engasjement for å vekke barnas interesse, samt møte barns undring med opent sinn og lytte til kva dei seier. Samspelet skal bære preg av omsorg og respekt og har betyding for kvaliteten på barns læring.

Rammeplanen seier at barnehagen skal støtte barns nysgjerrigheit, kreativitet, vitebegjær og lærelyst. Det er dette som gjer grunnlaget for livslang læring og danning.

Kommunikasjon, språk og tekst

I barnehagen skal barn få moglegheit til å erfare ulike formidlings måter av tekster og fortellingar, som kjelde til estetiske opplevelser, kunnskap, refleksjon og møter med språk og kultur.»

Øygarden kommune er ein språkkommune og Knappskog barnehage jobbar aktivt med å støtte barn i deira språkutvikling.

Målet er å styrke språk på ulike måtar for å inkludere alle barn i barnehagen.

For å kunne delta i fellesskap saman med andre treng vi eit språk og gode kommunikasjons ferdigheiter. Det er derfor viktig å legge til rette for at barn skal få utvikle eit godt språk, og vere ein del av eit godt språkmiljø.

Ved å arbeide med språk får barna erfaring og oppleve gleda og viktigheita med å kommunisere. De opplever at språket er kjelda til humor og glede, og til å knytte venskap med andre.





Språket utviklar seg i samhandling med andre; det skjer i leiken og barn føler dei høyrer til, dei får utløp for eigen fantasi, leiken er på liksom og barnet kan utfordre seg sjølv.

Barnehagens personalet skal anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non- verbale uttrykk, samt støtte språkutvikling og stimulere barns verbale og non-verbale kommunikasjon. Dei skal og legge til rette for at alle barn involverast i samspel og i samtaler

Dokumentasjon



Å dokumentere arbeidet i barnehagen handlar om å fange augeblikket og å sette ord på det. Det vil seie å gjere noko synleg og tilgjengeleg for seg sjølv og andre. Personalet dokumentarar arbeidet i kvardagen gjennom Vigilo, periodeplanar, vekeskriv i Vigilo, observasjonar, refleksjonsnotat, bilete og samtaler.

Personalet skal sette ord på sine handlingar og tankar slik at det blir klart for kollegaer, barn og føresette kva vi tenkjer er kvalitet i barnehagen, og kvifor vi gjer som vi gjer.

På avdeling skal det vere synleg kva vi arbeider med for augeblikket.

Vurdering

Målet for vurdering er å sørgja for kvalitet i barnehagen der barns trivsel og tryggleik er i fokus, samt gje meistringskjensle til barn og vaksne.

Vi må saman med føresette skape ein tilbakemeldingskultur som hindrar at barn opplever å stå utanfor. Barnehagen skal vere ein stad der alle barn veit at dei blir likt og anerkjent for den dei er av alle vaksne i barnehagen.

Eit mål i vurderingsarbeid vil være å fornye og auke kvaliteten i barnehagen. Vi brukar regelverket, årsplan, pedagog-, avdelings- og personalmøte, dagleg foreldrekontakt, planleggingsdagar og brukarundersøking til å vurdere drifta og den pedagogiske verksemda.

Verktøy frå DUÅ, Dinoskulen og COS blir dagleg teke i bruk.

Plan for vurdering barnehageåret 2026/ 2027

Kva	**Kven**	**Korleis**	**Når/tid**
Foreldresamarbeid «Korleis møter vi barn og foreldre i Knappskog barnehage?» Open dialog, respekt og tillit.	Foreldre Tilsette/møter SU møter Foreldremøte	Dagleg dialog Startsamtalar Foreldresamtalene Foreldremøte PRO dialog for 2020 A – standard utarbeida Aktivitetsplan BTI og Stafettlogg BTI team	Kontinuerleg
TOG: Trygt og godt barnehagemiljø Trygg i Fellesskap Kompetanseheving blant tilsette	4 – 5 åringar 3 åringar 1 – 2 åringar	Barneintervju/bussmodell Vennespørsmål/bussmodell Observasjonar og praksis forteljingar	September – vennskaps månad Kroppen min månader Arbeide med fellesskapane aktivitetar
BTI/Stafettlogg/BTI team	Pedagogar + PPT + føresette	Samhandling med kollega, barn og føresette. Samhandling med helse sjukepleier	2 til 4 gongar årleg, evt. ved behov
Korleis bruke litteratur for å fremje venskap, fellesskap og inkludering	Personale	Vennskaps månad Fokusbarn Tilgjengeleg litteratur Fellessamlingar	Heile året Foreldresamtale

Progresjon

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.»
Rammeplan s. 44

Avdelingane arbeider ut frå same årshjul og dei same satsingsområda. Progresjon i arbeidet ligger i korleis vi møter enkeltbarn og barnegruppa, korleis vi behandlar det pedagogiske innhaldet, metodeval, kva leiker og materiale vi tilbyr og korleis vi utformar og legger til rette for det fysiske miljø.

Det er også progresjon i korleis vi arbeider med fagområda. Vaksne skal ta omsyn til barns alder, ferdigheiter og modning slik at alle barn får utfordringar som er tilpassa erfaringar, interessa, kunnskap og ferdigheiter.

Barnehagen har ein årskalender som er praktisk rette for å gjennomføre krav frå årsplan.

Kvar avdeling tilpassar tema og prosjekt etter barnets alder og modning.

Rammeplanen sine fagområde

Rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver er delt inn i sju fagområde. Kvart område dekker eit vidt læringsfelt, og i kvardagen vil dei ikkje opptre isolert, men flyte over i kvarandre. I aktivitetar og prosjekt vil fleire fagområde vere representert. Personalet synleggjer dette gjennom vekeskriv, periodeplan og dokumentasjon.

Rammeplanens fagområde:	**Eks på korleis vi bruker den:**	**Pedagogiske mål:**
Natur, miljø og teknologi 	-Turar i nærmiljøet rundt barnehagen. -Naturen blir arena for leik, samspel, motorisk aktivitet og samtale. -Prosjektarbeid i mindre og større grupper. - Undring og nysgjerrigheit	Alle barn skal leike kvar dag. Barnehagen sår, plantar og haustar. Eksperimentering og undring i kvardagen. Sanse aktivitetar.

Rammeplanen:
«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.»

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
Kommunikasjon, språk og tekst 	- I kvardagen, eks. nemning og/eller gjenta i samtale med barn. - Språkgrupper - Måltid, stellesituasjonar. - Overgangar - Samlingar med fortellingar, tekst, song, rim og regler - Stort utval av bøker. -Lesestund - Støtte barn til å uttrykke sine følelsar, tankar, meningar og erfaringar.	Eit godt språkmiljø. Barna skal oppleve glede og nysgjerrigheit ved å utvikle og meistre ulike kommunikasjonsformer. Utvikle symbol og forstå begripa. Dagtavle Bildestøtte Teikn til tale ved behov

Rammeplanen:
« Barnehagen skal bidra til å utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.

I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid.

Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. «

Rammeplanens fagområde	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogisk mål:
Kropp, rørsle, mat og helse. 	- Venemånad - Kroppen min - Trygg i Fellesskap - DUÅ/ Dinoskulen - Medverknad - Fokusbarn - Bruk av nærmiljø - Leik - Basseng/ vassrom - Fokus på sunt kosthald - Grønsakhage	La barna oppleve rørsleglede, meistringsglede, motivasjon, matglede, mentalt og sosialt velvære, positiv samhandling og fysisk og psykisk helse. La barna bli kjent med eigen kropp og kjensler og utvikle medvit om eigne og andre sine grensar.

Rammeplanen:
«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.

Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader.

Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser.»

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
Kunst, kultur og kreativitet 	-Kunstmånad -Tradisjonar -Årshjul/Tema -Temadagar -Landart -Samlingsstund - Tilby litteratur, kunst og musikk som inspirasjon -Kulturell tilhøyrsel	Fokuset skal vere prosess og å ha det gøy. Barn skal få erfaring og gode opplevingar med song, musikk, dans, teater og litteratur. Fokus på å utforske og prøve forskjellige metodar og materiell for at barna skal bli introdusert for eit variert utval av formingsmateriale. Barn sin medverknad skal vere i fokus. Engasjerte og positive vaksne som seier ja. Inne og ute miljø skal gje moglegheit for kreativ leik og aktivitetar.

Rammeplanen:
«Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsle, deltaking og eige skapande arbeid. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar.»

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
Mengd, rom og form 	-Daglege gjeremål -Leik -Aktivitetar - Digitale verktøy - Samanlikning, sortering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. - Stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysningar.	Gje barna moglegheit til å utforske og leike med tall, former og mønstre. Utvikle barnas matematiske kompetanse gjennom leik, styrte aktivitetar og spontane Kvardagsaktiviteter.

Rammeplanen:
«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet.

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande.

Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.»

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
Etikk, religion og filosofi 	-Tradisjonar - Høgtidar - Å høyre til -Trygg i fellesskap - Har eit miljø som er opent for undring, tenking, samtaler og fortellingar. - Barna opplever at alle menneske er like mye verdt og viser respekt, omsorg og anerkjennast for kvarandre sine likskapar og ulikskapar. - Venskapsmånad. - Solidaritetsmånad. - Mangfaldsmånad.	Barn skal bli introdusert for ulike levesett. Å være i barnehagen handlar om å vise respekt for kvarandre og ta vare på kvarandre. Filosofere rundt tema rett og galt.

Rammeplanen:
«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.

Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske.»

Rammeplanens fagområde:	Eks på korleis vi bruker den:	Pedagogiske mål:
Nærmiljø og samfunn 	-Turar -Trygg i Fellesskap - Barna opplever at de er verdifulle for fellesskapet i barnehagen gjennom aktiv deltaking og medverknad. - Kulturformidling. - Kjennskap til samisk språk, kultur og kjennskap til nasjonale minoritetar.	Få kjennskap til nærområdet gjennom turar. Bli kjent med skulen og området rundt barnehagen. Øve på orienteringsevne til barn. Fokus på språk og kultur

Rammeplanen:
«Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn.

Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.»

Samarbeid heim og barnehage

«Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldre til hvert enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.» Rammeplan s. 29

Heimen er barnehagens viktigaste samarbeidspartner. Saman skal vi være med å gje barna ein god barndom.



Eit opent og tillitsfullt forhold mellom personalet og foreldre skaper tryggleik hjå barna. Vi må ha eit felles ansvar for **barnas beste**.

Personalet som arbeidar i barnehagen har teieplikt. Opplysningar om private og personlege forhold skal ikkje bli gjort kjend for andre. Samarbeid om enkeltbarn avklarast med førsette før kontakt med andre instansar. Om vi har mistanke om at eit barn ikkje har det bra, har vi plikt til å melde frå og avverje at barn blir utsett for alvorlege hendingar.

Barnehagen bruker Vigilo som hovud kommunikasjons verktøy. Vi er avhengig av eit godt og konstruktivt samarbeid med heimen for å kunne nå våre pedagogiske mål.

Vi ønskjer oss ein aktiv foreldregruppe som saman med tilsette kan bidra til å skape ein god stad å vere for barn, forsette og tilsette.

Forventingar til foreldre:

- Openheit.
- Engasjement.
- Samarbeid om barnets beste

Foreldresamtalar



Vi gjev tilbod om ein foreldresamtale i året. Den har vi mellom november og april. Dersom det er behov eller ønskjeleg med fleire samtalar, avtalast dette mellom foreldre og pedagogisk leiar.

2021 barna har fått tilbod om deltaking i eit forskingsprosjekt PRO dialog. Formålet med PRO dialog samtalane er at foreldre og pedagog kan kome saman og gje gjensidig tilbakemelding om barnets behov, utvikling og elles anna av felles interesse.

Dei nye barna i barnehagen vil få ein startsamtale, som er ein utvida foreldresamtale. Startsamtalen omhandlar ulike tema knytt til barnet sin familie.

Foreldremøte



På foreldremøte blir generell informasjon om ulike tema som angår barn, barnehage, oppvekstmiljø teke opp og diskutert.

På foreldremøtet om hausten er det val av representantar til samarbeidsutvalet i barnehagen. På våren har vi tema møte i regi SU.

Samarbeidsutval - SU:

su.knappskogbhg@gmail.com

Samarbeidsutvalet (SU) er eit rådgjevande, kontakt fremjande og samordna organ som består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen.

SU skal først og fremst ivareta samarbeidet mellom barnehage og forelderens. Saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, forholdet til foreldra, barnehagen eller lokalsamfunnet skal leggjast fram for SU.

Årets SU består av:

o SU leder (ST):	June Martinson	99 31 23 45
o Nestleiar ():	Aleksander V. Toft	94 80 33 71
o Sekretær:	referat skriving går på rundgang	
o Medlem (MB)	Charlotte B. Lund	98 88 55 71
o Medlem (ET):	Ane A. Seim	93 26 83 38
o Medlem (LH):	Kamilla Matre	41 65 83 17
o Medlem (BK:	Ingvild Van Der Meeren	91 62 73 75
o Tilsetterepresentant:	Renata Strucke (ET)	
o Tilsetterepresentant:	Christine Mikkelsen (BK)	
o Tilsetterepresentant	Rebecca Christensen (LH)	
o Tilsetterepresentant:	Tordis Kolltveit (ST)	
o Tilsetterepresentant:	Anita Hellebø (MB)	
o Styrer:	Nina Turøy – representant for eigar.	

Brukarundersøking:

Det blir gjennomført brukarundersøking kvart år i barnehagen. Den gjer barnehagen ein indikasjon på område som er bra og område vi må jobbe videre med.

Resultatet blir først gjort kjend for personalet, deretter blir det tatt opp i SU, for så å bli sendt ut til alle føresette.

Mål vi har satt opp, er informasjon ut til føresette og fortsette arbeidet med å sikre at alle barn har et trygt og godt barnehagemiljø.

Helse, miljø og sikkerheit

Knappskog barnehage har eit eige verneombod som går faste vernerundar med styrar for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø.

Barnehagen held jamlege treparts møter der styrar, tillitsvald og verneombod deltek. Vår viktigaste oppgåve er å drive førebyggjande arbeid, der vi tenkjer sikkerheit, risiko og vurderer aktivitetar.

Vi har jamleg sjekk av uteområdet, hygiene og gjennomgang av a – standardane i barnehagen.

Helsevernetaten godkjenner barnehagen, og kvart tredje år er det tilsyn av eksterne tilsynsførar som gjennomgår det pedagogiske innhaldet og HMS arbeidet i barnehagen.

Ferie barnehageåret 2026/ 2027

Alle barn skal ha fire vekers ferie i løpet av barnehageåret. Tre veker skal vere samanhengande i skulens sommar ferie. Dette seier ferielova, og vedtektene for kommunale barnehagar. Kommunale barnehagar er stengt i veke 29 og 30,

5.3 Ferie:

Den 5 ferieveka er barnehagen sine 5 planleggingsdagar fordelt i løpet av barnehageåret.

Alle som skal byrje på skulen om hausten treng ikkje seie opp plassen. **Plassen er frem til og med 14 august.** Sluttar barnet etter 1 mai betaler ein til og med 14 august 2026.

Årshjul

Månad	Aktivitetar
August	• Planleggingsdag 17.08 • Tilvenning
September	• Vennskaps månad • 16.09 Foreldremøte • SU møte 29.09 • Brannvernveka veke 38
Oktober	• Haustferie veke 41 • Solidaritets månad
November	• 06.11 Planleggingsdag • Juleførebuingar • Kroppen min månad
Desember 	• Adventsamlingar – kvar fredag • 01.12 Lystenning • 10.12 Nissefest • 14.12 Lucia
Januar	• 29.01 Planleggingsdag • Kva betyr det å vere ei minoritet?
Februar	• 06.02 Samanes nasjonaldag – vi markerer 05.02.27 • 18.02 Karneval

	• Kroppen min månad
Mars	• Vinterferie veke 9
April	• 18.03 Fellessamling; tema påskebodskapen «Gul lunsj» • Påskefri veke 13 • 21.04. Rockesokkedag • 28.04 Foreldremøte
Mai 	• Kunstmånad • Besøksdagar 11.05, 19.05, 25.05, 01.06 • 04.05 + 05.05 Fotografering • 07.05 Planleggingsdag • 14.05 Knappskogleikane • 22.05 Stafett for Livet i barnehagen • 28.05 Stafett for Livet
Juni	• Mangfaldsmånad

	• 08.06 Sykkeldag • 16.06 Sommarfest/Dinoavslutning • 18.06 Planleggingsdag • 22.06 Fargefest
Juli	• Ulike aktivitetar i juli månad.

Kontakt med Knappskog barnehage

Adressa er:

Knappskog barnehage
Fjæreidevegen 34
5360 Kolltveit

Mail adressa til styrer:
nina.turoy@oygarden.kommune.no

Heimeside:
www.oygarden.kommmune.no/barnehage/knappskog

Telefonnummer:

Styrer	Mobil: 95 04 48 34/55 09 63 51
Avdeling Mosebakken	Mobil: 91 00 10 73
Avdeling Småtjernet	Mobil: 48 29 02 64
Avdeling Einetoppen	Mobil: 91 00 08 47
Avdeling Lynghaugen	Mobil: 91 00 12 24
Avdeling Bergknausen	Mobil: 91 00 18 63